



Utsnitt frå oppslaget i Kvinnheringen. Huset til Nordli er midt på biletet.

I dagens nummer av Kvinnheringen er det eit stort oppslag om Odda-paret Jan og Shirley Nordli frå Odda som no skal byggja i Ospelunden. Paret mista huset sitt i den store flaumen i Odda. Tirsdag starta gravearbeid, og no går det slag i slag til huset skal vera innflyttingsklart utpå vårparten.

# Kvinnheringen

**FREDAG** 9. OKTOBER 2015 • NR. 112 • 43. årgang • Laussal kr 25,- • Telefon 53 48 21 30

**NorDan**  
rør det gull  
VINDAUGE og DØRER.  
**BYGGERIET**  
AS Uskedal Trestøtting - 78 33 48 61 01  
www.byggeriet.no

◆ Huset fór i Flaumen

## No flyttar dei til Uskedalen



Inga grunn til feiring

Noko grunn til å feira statsbudsjettet i Kvinnerad er det ikkje, om vi skal tru rådmann Kjell O. Nygård.

◆ SIDE 5



Dokkedama

Liv Dahl i Omvikdalen er mellom dei fremste porselemdokke-makarane i verda. Vi har fått kikka på nokre av dokkene ho har laga.

◆ SIDE 13, 14 OG 15

---

**FOLGERØ VERT KONFERANSIER**

◆ SIDE 18

Spennande rundar

[Utsnitt av framsida av dagens nummer av Kvinnheringen.](#)

Etter å ha budd inneklemt i Odda heile livet, ventar no vakker havutsikt og sol i Ospelunden, skriv Kvinnheringen på framsida i hovudoppslaget sitt.

I artikkelen får vi høyra korleis dei opplevde flaumnatta og tida etterpå. Etter å ha roa ned litt, såg dei seg om etter ny tomt i Odda utan å finna. Dermed bar det gjennom tunnelen på rekognoseringstur ut gjennom Kvinnerad. På heimturen stoppa dei med nokre folk som stod i Ospelunden og snakka med dei. Dermed var det bestemt. Jan og Sherley Nordli vert uskedelingar på våren i 2016.

Kjekt når stadig fleire vil flytta hit. Om desse to kan de lesa meir i Kvinnheringen si papirutgåve i dag, fredag.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland